



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Tom Dybwad
Telefon: 57643123
E-post: fmsftd@fylkesmannen.no

Vår dato
07.04.2014
Dykkar dato
11.12.2013

Vår referanse
2012/3101 - 561
Dykkar referanse

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstuen
0301 Oslo

Bredvatn kraftverk i Bremanger kommune: Fråsegn til søknad om konsesjon

Vi viser til oversendinga datert 11.12.2013.

Fylkesmannen vil sterkt rå i frå søknaden om regulering av Bredvatna på grunn av konfliktar med landskap, friluftsliv og naturmiljø.

Bredvatn kraftverk vil medføre store inngrep i eit verdfullt og inntrykksfullt natur-område. Kraftverket er planlagt med uvanleg høg slukevne, utan krav til minstevassføring, og utan restriksjonar på manøvreringsreglementet. Konsesjonssøknaden er såleis ikkje i tråd med vanleg miljøtilpassing for vasskraftutbygging i dag. Utbygginga vil råke nasjonale landskaps- og friluftsinnteresser.

Fylkesmannen meiner at det bør utgreiast andre alternativ for å oppgradere Åskåra kraftverk utan å ta i bruk Bredvatna som magasin. Dette bør vurderast i samanheng med revisjon av eksisterande konsesjon, noko som er planlagt innan 2022.

Bakgrunn

Sogn og Fjordane produksjon ønskjer å byggje Bredvatn kraftverk i Åskorvassdraget, Bremanger kommune. Det er to hovudalternativ for inntak, anten i Øvre Bredvatnet eller i Nedre Bredvatnet. For alternativet med inntak i Øvre Bredvatnet vil det bli etablert ein fem meter høg dam samt nokre mindre tersklar i utlaupet av vatnet, som er planlagt regulert ca. 10 meter. Det er skissert to løysingar for inntak i Øvre Bredvatnet: Anten med tunnel i sørenden av vatnet (Øvre Bredvatn 1), eller med sjakt i nordenden av vatnet (Øvre Bredvatn 2). For alternativet med inntak i Nedre Bredvatnet er det planlagt ein 1-2 meter høg dam, fleire låge tersklar over ei lengd på om lag 100 meter, og regulering av vatnet 10 meter, og inntak med sjakt er plassert i nordenden av vatnet. Inntaksalternativa Nedre Bredvatn og Øvre Bredvatn 2, som begge er planlagde med inntak via sjakt, er baserte på at all transport av materiell og personell til dam og inntak må skje med helikopter. Alternativ Øvre Bredvatn 1 vil få tunnel heilt opp til vatnet, og all transport kan skje via denne tunnelen. Det vil bli bygd ny avlaupstunnel til Førdspollen like ved dagens avlaup frå Åskåra 1 kraftverk. Tilkomsten til kraftverket vert via eksisterande tunnel til Åskåra 1 og 2.

Utbygginga vil redusere vassføringa over ei elvestrekning på 1,1 km ved alternativ 1 eller 0,9 km ved alternativ 2. Planlagt slukeevna er 330 % av middelvassføringa, og det er ikkje føreslege minstevassføring eller andre restriksjonar på manøvreringsreglementet. Prosjektet vil ruste opp og utvide dagens Åskåra 1 kraftverk og vil gje 67,2 GWh netto ny kraft ved alternativa i Øvre Bredvatn (total kostnad kr. 478,9 mill.) eller 59,3 GWh ved alternativet for

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 65 33 02
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:
fmsfpost@fylkesmannen.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj

Nedre Bredvatn (total kostnad kr. 426,1 mill.). Utbyggingsprisen for netto ny produksjon (energigevinsten) er kr. 7,12/kWh for Øvre Bredvatn og kr. 7,18/kWh for Nedre Bredvatn (våre utrekningar baserte på tal i søknaden), om enn i eit nytt kraftverk.

Bredvatn kraftverk vil utnytte eit fall på 145 m som tidlegare ikkje har vorte direkte nytta til kraftproduksjon, og vil ta driftsvatn frå dagens Åskåra 1 kraftverk, som får redusert produksjon med 207,3 GWh ved bygging av Øvre Bredvatn kraftverk, med 232 GWh med nedre Bredvatn kraftverk. Åskåra 1 kraftverk produserer i dag 391,4 GWh i året. Store delar av produksjonen i dagens Åskåra 1 kraftverk vil dermed bli overflytta til Bredvatn kraftverk. Åskåra 2 kraftverk blir ikkje berørt av Bredvatn kraftverk. Åskåra kraftverk sin konsesjon skal reviderast innan 2022.

Prosjektet kan bidra positivt til å oppnå målet om å auke produksjonen av fornybar energi med 26,4 TWh i Noreg og Sverige. Utbygginga vil gi ein viss positiv effekt for næringsliv og sysselsetjing, først og fremst i anleggsfasen. Bremanger kommune har økonomiske utfordringar, og ei eventuell utbygging vil bidra positivt i form av auka skatteinntekter.

Fylkesmannen skal vurdere om kjende allmenne interesser kan verte råka, og i tillegg vurdere tiltaket etter lakse- og innlandsfisklova og ureiningslova. Vi legg vidare vekt på prinsipp og føringar frå naturmangfaldlova og vassforskrifta. I tillegg vurderer vi landbruks- og beredskapsinteresser dersom desse interessene vert råka.

Miljøvernfareleg vurdering

Ved siste statusgjennomgang var 57 % av vasskraftpotensialet i Sogn og Fjordane utbygt eller konsesjonsgjeve til kraftproduksjon (NVE, 31.12.2012). Dei nye prosjekta er ofte konfliktfulle og fører i aukande grad til inngrep i verdifulle natur- og friluftsområde, eller kan vere uaktuelle på grunn av høge kostnader. Dette er eit resultat av at dei mest lønsame og dels dei minst konfliktfulle prosjekta gjerne alt er realiserte.

Bredvatn kraftverk skal auke kraftutnyttinga i eit allereie utbygt vassdrag. Det er samtidig store allmenne interesser knytt den delen av vassdraget som er planlagt regulert. Dette gjeld spesielt store landskaps- og friluftsinteresser på grunn av nærområdet til Ålfotbreen landskapsvernområde. Vidare vil prosjektet generere store mengder masse, som det vil vere utfordrande å handtere innafor eit akseptabelt konfliktnivå for dei allmenne interessene.

Konsesjonen for Åskåra kraftverk frå 1966 har ikkje krav om minstevassføring og andre restriksjonar på manøvreringsreglementet. SFE søker om det same for eit nytt Bredvatn kraftverk: ikkje minstevassføring og ingen restriksjonar på manøvreringsreglement. Vi stiller spørsmål ved at det vert fremja nye vasskraftprosjekt utan slike avbøtande tiltak. Det er i tillegg lagt opp til ei uvanleg høg utnytting av vassresursen i Bredvatn kraftverk med slukeevne på 330% av middelvassføringa for å minimere overløp, og det vert lagt opp til effektkøyring. I konsesjonssøknaden er det såleis valt løysingar som ikkje på nokon måte er i tråd med miljøtilpassingar som er vanlege i dag.

Konsesjonssøknaden for Bredvatn kraftverk må sjåast i samband med den føreståande revisjonen av konsesjonen for Åskåra kraftverk. Denne er gitt høgste prioritet i den nasjonale gjennomgangen av vasskraftkonsesjonar som skal reviderast innan 2022 (NVE, rapport nr. 49/2013). Etter vårt syn vil det ikkje vere akseptabelt å gi konsesjon til eit nytt kraftverk utan tilstrekkelege miljøtilpassingar for å avbøte skadar på for naturmiljøet og friluftsinteressene.

Produksjonsutrekningane i søknaden viser at ein stor del av ny energiproduksjon kan forklarast av at prosjektet er planlagt utan minstevassføring i staden for med 5-persentilar sommar og vinter (27 % for alternativ Øvre Bredvatn, 37 % for alternativ Nedre Bredvatn). Minstevassføring minimum på nivå med 5-persentil sommar og vinter har vore eit vanleg

miljøtilpassa vassføringsregime for konsesjonar som er gitt dei siste åra ved utbyggingar som råker allmenne interesser.

Naturtypar og biologisk mangfald

Det er frodige område i tilknytning til fossar og bratte skrentar, men det er ikkje påvist sjeldan vegetasjon og naturtypar. Den rike vegetasjonen står i sterk kontrast til dei nakne berga elles i området, og har stor verdi for landskapsopplevinga.

Norconsult skriv i Fagrapport naturmiljø at «den foreslåtte utbyggingen vil også kunne få noe betydning videre nedover vassdraget (nedafor Åskorvatnet, FM sin merknad). Elva er på denne strekningen fra før tørrlagt, men utbygningen kan få betydning for frekvensen av flom og overløp som år om annet medfører vannføring i de ellers tørrlagte elveleiene. I området fra Little Åskårsvatnet og nedover mot Åskåra og Førdspollen har det i tidligere tider vært solide bestander av flere sjeldne og sårbare oseaniske mosearter som fossegrimemose (VU), prakttvebladmose (VU) og praktdraugmose (VU) fra sjøen og opp til ca. 300 moh. Det oseaniske klimaet og nordvest-eksponeringa i denne dalsiden har gitt svært gunstige forhold for fuktighetskrevende arter. Området ble tidligere overrislet av elva fra Åskoravatn som rant i en rekke strie løp gjennom lokaliteten (se figur 3-7). Før utbyggingen holdt trolig fossen og elveløpene skogen noe tilbake, men i dag er mange av de små tørrlagte bekkeløpene i gjengroing». Etter vårt syn vil det vere viktig at situasjonen i dag ikkje blir ytterlegare forverra gjennom ny regulering.

Det er ikkje fiskeinteresser i vatna som vert påverka av denne reguleringa.

Landskap, friluftsliv og inngrepsfrie naturområde (INON)

Ålfotbreen landskapsvernområde vart oppretta i 2009, og er det einaste større naturvernområdet i Noreg på devonsk berggrunn. Grensa til landskapsvernområdet ligg rett sør for det planlagde tiltaket. Ut i frå kartgrunnlaget ligg Øvre Bredvatnet i dag på det næraste ca. 23 m nord for grensa til landskapsvernområdet, medan Nedre Bredvatnet på det næraste ligg ca. 375 m nord for grensa til landskapsvernområdet. Grensa er ikkje avmerkt i terrenget i området, men det er sett opp grensemerke i knekkpunkta til grensa for Ålfotbreen landskapsvernområde.

Dei store landskapsformene med trappetrinn som strekk seg frå fjellområda i nord til Ålfotbreen og verneområdet i sør, dannar med samanhengande, horisontale flater og vertikale veggjar eit stort og lett lesbart landskapsrom. Det er denne slake hengekøyeforma som bind det sørlege breområdet saman med det nordlege fjellområdet rundt Bukkenibba og Gjegnen. Mot aust vert rommet avgrensa av eit skar, medan det mot vest opnar seg i heile si breidde. Tiltaksområdet ligg med Øvre Bredvatnet inst i dette landskapsrommet, og Nedre Bredvatnet midt i. Rett før fjellplatået knekkjer og går over i ei lang, bratt skråning mot fjorden, ligg det regulerte Åskorvatnet, som det siste vatnet i rekkja.

Ålfotbreen vert også rekna som eit nasjonalt viktig friluftsområde. Den Norske Turistforening - DNT har fleire ruter i området. Dei rutene som er mest aktuelle med innsyn til tiltaksområdet går ikkje gjennom sjølv utbyggingsområdet ved Nedre og Øvre Bredvatnet. På breen er det ingen faste ruter. Frå store delar av breen (innafor landskapsvernområdet) er både Øvre og Nedre Bredvatnet med (øvre del av) fossane under godt synlege. Også frå rutene over Kvannbotnfjellet og over Gråfjellet (innafor landskapsvernområdet, på ruta til Gjegnabu) er dei to vatna godt synlege. Synlegheitsanalysar viser at vatna er mest synlege frå området sør for vatna. Frå ruta opp frå Åskora (utanfor landskapsvernområdet, men innfallsport frå nord) er Bredvatna og fossane nedanfor ikkje synlege. Vi meiner at friluftslivrapporten har undervurdert kor viktig urørt vassdragsnatur er for natur- og friluftslivopplevinga.

Områda rundt Øvre og Nedre Bredvatnet vert opplevd som urørte, trass i at reguleringar og overføringar lenger oppe i systemet (X-vatnet, Y-vatnet, Z-vatnet og Skordalselva) har ført til at det frå syttitalet har vore tilført meir vatn enn naturleg forbi Bredvatna og ned til Store Åskorvatnet.

Fossane nedstraums Nedre Bredvatnet og nedstraums Øvre Bredvatnet er svært viktige landskapselement som tydeleggjer dei karakteristiske trappeformene i landskapet. Utan fossane mister trappelandskapet eit heilt vesentleg element. Etter vår vurdering vil det verte eit stort tap om desse fossane vert fjerna.

Prosjektet vil totalt generere 240 000 – 360 000 m³ massar. Det meste skal dumpast i fjorden ved deponi frå utbygginga av Åskora 1, men det er også vurdert å leggje deponere 50 000 m³ på land for seinare bruk. Dumping i fjorden bør berre vere aktuelt dersom det ikkje er mogleg å finne alternative løysingar på land. Dette må planleggjast i tråd med føringane i naturmangfaldlova, og krev løyve etter ureiningslova §§ 11 og 16.

På grunn av ein feil i dagens INON-database er Øvre Bredvatnet lagt inn som tyngre inngrep, medan Nedre Bredvatnet ikkje er lagt inn. Det er vassstrengen frå Øvre Bredvatnet og ned til Åskorvatnet som skulle vore lagt inn. Som det går fram av landskapsrapporten er difor INON-utrekningane basert på eit kart med feil liten verdi, men viser likevel eit mindre tap av INON, både av villmark og dei andre sonene. Dersom ein baserer utrekningane på eit korrekt kart, ville det truleg vere sone 1 og 2 som ville hatt størst tap av INON, kan hende kring 4-5 km²; villmarksprega sone vil truleg bli redusert med kring 1 km². Det er likevel viktigast som det står i rapporten om landskap: *«Det er for det meste kraftanlegg som står for inngrepa elles i fjellområda rundt, men desse er ikkje vurdert å påverke det urørte preget lokalt rundt Bredvatna. ...Grunna store areal med inngrepsfri natur rundt tiltaksområdet, og fråveret av tekniske installasjonar i det påverka landskapsrommet, med unntak av Store Åskorvatn, er villmarkspreget sterkt.»* Det avgjerande er etter vårt syn i dette tilfellet ikkje INON, men at ei utbygging av Bredvatna vil øydeleggje villmarkspreget som dette området har i dag.

Ureining, vasskvalitet og støy

Vassforskrifta har som mål at alle vassførekomstar i Noreg skal ha minimum god økologisk status. Forskrifta opnar ikkje for at det kan utførast tiltak som gjer at tilstanden vert dårlegare med mindre det kan vere grunnlag for unntak i tråd med § 12. Når det gjeld anleggsfasen viser vi til reglane i ureiningslova.

Dersom anleggsfasen kan medføre spesielle ulemper for miljøet eller varer i lengre tid, må den ansvarlege søkje Fylkesmannen om utsleppsløyve (anleggskonsesjon).

Det må leggjast vekt på støydempende tiltak knytt til kraftstasjonen. Behovet for dette vil avhenge av nærleiken til næraste bustad, hytte eller næringsbygg. Støynivået må halde seg innanfor tilrådde støygrenser i T-1442 «Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging», jf. punkt 3.1 «Anbefalte støygrenser ved planlegging av ny virksomhet eller bebyggelse» og punkt 3.3 «Retningslinjer ved etablering av ny støyende virksomhet».

Samla belastning

I følgje konsekvensutgreiinga vil den samla påverknaden for fjellområda vere stor negativ for begge alternativa. Den samla belastninga for naturmiljø og landskap i området kring Ålfotbreen er allereie stor etter utbygginga på 1960- og 1970-talet. Belastninga er særleg stor ved at det ikkje er sett krav om avbøtande tiltak som minstevassføring eller andre restriksjonar på reguleringsreglementet. Dette bør bli endra ved revisjon av konsesjonen for Åskåra kraftverk.

Det vil ikkje vere i tråd med moderne vassdragsregulering å opne for ny kraftutbygging utan slike nødvendige avbøtande tiltak. Slukevna er uvanleg høg i høve til det som er vanleg i dag med om lag 200-220% av middelvassføringa. Sjølv om det naturlege vassregimet er noko endra gjennom regulering av X-, Y-, og Z-vatna, vert Øvre og Nedre Bredvatnet opplevd som urørde. Vatna er viktige for naturopplevinga og naturmangfaldet i området, og ikkje minst sett frå Ålfotbreen landskapsvernområde.

Beredskapsfagleg vurdering

Flaum- og skredfare er omtalt i konsesjonssøknaden. Vi forstår det slik at ei utviding vil kunne gi noko redusert fare for mindre flaumar, men ikkje ta bort faren for store flaumar. Det er risiko for snøskred og steinsprang i utbyggingsområdet, men vi kan ikkje sjå om det er tenkt tiltak for å unngå at skred fører til personskade (særleg i anleggstida), eller til skade på installasjonar/infrastruktur.

Det går fram at det ligg éin drikkevassbrønn i nærleiken av tiltaksområdet (vert nytta til vassforsyning for ein enkelthusstand). Vi legg til grunn at det vil verte gjort tiltak for å hindre/kompensere for eventuelle ulemper av utbygginga.

Samla vurdering

Fylkesmannen vil sterkt rå i frå søknaden om regulering av Bredvatna på grunn av konflikhtar med landskap, friluftsliv og naturmiljø. Bredvatn kraftverk vil medføre store inngrep i eit verdfullt og inntrykksfullt naturområde. Kraftverket er planlagt med uvanleg høg slukevne, utan krav til minstevassføring, og utan restriksjonar på manøvreringsreglementet. Konsesjonssøknaden er såleis ikkje i tråd med vanleg miljøtilpassing for vasskraftutbygging i dag. Utbygginga vil råke nasjonale landskaps- og friluftsinnteresser.

Fylkesmannen meiner at det bør utgreiast om det er tenleg å oppgradere Åskåra kraftverk utan å ta i bruk Bredvatna som magasin. Dette bør vurderast i samanheng med revisjon av eksisterande konsesjon, noko som er planlagt innan 2022.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid
assisterande fylkesmann

Nils Erling Yndesdal
fylkesmiljøvernssjef

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Kopi: Bremanger kommune
Miljødirektoratet